

Tussa Energi sine kommentarar til høyringsinnspela for opprusting og utviding av Vartdal kraftverk

Vi registrerer at mange har ymse meininger om søknaden vår og søknaden til Vartdal Vassverk (VV). Vi vil presisere at dette er to ulike saker og vil oppmode NVE om å skille desse to søknadene. Høyringsuttalane frå grunneigarane m.fl. ber preg av å blande desse to prosjekta. Vi har heilt sidan vi overtok kraftverket i 1998 vore samarbeidsvillige og strekt oss langt for at vassverket skal ha tilstrekkelig med vatn heile året. Men det er kraftverk vi har løyve til å drive i Risaskardselva. Dette løyvet vart gjeve lenge før det vart bygt vassverk på Vartdal.

Først litt historikk: Allereie i 1918 vart det halde skjøn over fallrettane i Risaskarelva; «Risaskardelven er ved ekspropriasjon tilført Vartdal elverk ved Vartdal kommune fra utløpet av Lillevatnet til dens og kværnveitens utløp i Storelven, med nødvendig grund og rettigheter til vandfaldets uybygning». Seinare på 60-talet – ved kommunesamanslåinga med Ørsta kommune, vart rettane ført over til Ørsta elverk. Når Ørsta elverk gikk inn i Tussa overtok Tussa Energi rettane i Risaskarelva og har soleis i dag fallrettane heile vegen frå Litlevatnet og ned til Storelva, som vi og betalar årlege ulempestatningar for. I tillegg har vi rettar og konsesjon til regulering av begge vatna.

Før Tussa si tid, selde grunneigarane vatnet frå avløpet til kraftstasjonen til VV og har soleis selt vatnet to gongar. Vatn til folket på Vartdal er viktig. Derfor valde vi ikkje å legge den nye kraftstasjonen lenger ned i Risaskarelva. Tussa har og vore villige til å regulere magasinet i Risaskarvatnet etter behovet for vatn til Vartdal vassverk. Det har vi lova å halde fram med.

Ytterlegare senking av Risaskarvatnet for naudvatn er ikkje aktuelt frå vår side. Eit slikt veglaust tunneldrift-prosjekt vil føre til mykje større inngrep og kostnader enn ein liten hevert frå Svartevatna. Det er heller ikkje vår oppgåve å syte for nok vatn til VV utover det gode samarbeidet vi allereie har idag.

Når det gjeld den føreslegne låge minstevassføringa er det med tanke på å samle mest mogleg av vatnet til VV. Vi minner om at det idag ikkje er krav om minstevassføring i vilkåra for gjeldande reguleringskonsesjon. Det vil vere meningslaust å pålegge store mengder vatn til minstevassføring når vatn er ein knappheitsressurs på Vartdal. Skulle det likevel bli resultatet vil det føre til hyppigare behov for naudvatn og tapping frå Svartevatna. Her står ein heilt klart føre eit klassisk dilemma som det ikkje er opp til oss å bestemme.

Vi har følgjande kommentarar til høyringsfråsegnene:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Tussa synes det er positivt at fylkesmannen ikkje har vesentleg merknad til planane for kraftverket. Behovet for naudvatn til vassverket vil også kunne oppstå på ettersommaren, og ei endring på minstevassføringa frå 5 l/s til for eksempel 22 l/s vil i løpet av ei tre månaders periode utgjere ei meirtapping på 135 000 m³ som er 12 % av magasinvolumet på 1,1 Mm³. Denne vassmengda vil kunne forsyne vassverket med vel 10 døgn ekstra med ei tapping på 150 l/s.

Ei auka regulering av Risaskarvatnet vil medføre større anleggsarbeid ved Risaskarvatnet, antan det er snakk om ytterlegare oppdemming eller senking. Vi er skeptiske til at dette kan vere ei betre løysing enn å få gjort tiltaka ved Svartevatnet permanente, med nedgrave røyr og sugerør etter botnen på vatnet. Vi er samd i at det bør verte ei opprydding ved Svartevatnet, og har forståelse av at dette er vassverket sin intensjon når permanent løyve vert gjeve.

Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Tilleggsopplysningane er i eit område som ikkje vil verte berørt ved opprustning av Vartdal kraftverk.

Mattilsynet

Mattilsynet støtter plana ne til kraftverket og synes løysinga ne som er beskrevne med vassverksinntak i turbinkjellar og omløpsventil er gode.

Det er gitt viktige innspel om ureiningsfare både i anleggs- og driftsfasen. Dette vert tatt med vidare i planane for anleggsarbeid og drift av kraftverket.

Ørsta kommune

Formannskapet ser positivt på søknaden om opprustning av Vartdal kraftverk, og legg til grunn eit krav om forsvarleg minstevassføring. Formannskapet støttar også forslaget om naudvatn frå Svartevatnet som er søkt løyve om i konsesjonssøknaden til VV.

Formannskapet støttar ikkje adminstrasjonen sitt ønskje om utgreing av ytterlegare regulering av Risaskarvatnet.

Tussa meiner vi har foreslått ei forsvarleg minstevassføring som har teke omsyn til vassverket og med det redusert behovet for at det vert behov for å nytte naudvassforsyninga på sommaren. Det har hittil ikkje vore krav om minstevassføring på anlegget. Vi meiner at 5 l/ s vil vere eit godt kompromiss - som gir ei lita minstevassføring, men samtstundes tek omsyn til industrien og innbyggjarane for å sikre vassforsyninga, og skåne ålmenta for naudvasstapping i Svartevatne om sommaren.

Mørenett AS

Vi registrerer at det pr. dags dato er flaskehalsar i nettet. Men vi har og fått med oss at det er stilt krav om utbygging av ladestasjonar for elektriske ferjer på sambandet Festøya – Solevåg. Dette vil etter vårt skjøn kunne opne for meir kraftproduksjon på Vartdal.

Tussa vil halde kontakta med Mørenett om utviklinga før det vert fatta vedtak om investering i nytt kraftverk.

Naturvernforbundet

Naturvernforbundet er positive til opprustninga, slik at meir kraft vert produsert der vassdraget alt er regulert.

Det vert her vist til ønskje om større minstevassføring og vi syner her til kommentarane som vi har gitt under Fylkesmannen og Ørsta kommune.

Søknaden inneheld ikkje planar om vegbygging til inntaket.

Tiltaket ved Svartevatna er ikkje ein del av Tussa sin søknad og blir derfor ikkje kommentert av Tussa.

Fråsegn frå fem grunneigarar.

Minstevassføringa som fem grunneigarar foreslår som minimum er urealistisk, då dette vil føre til mykje hyppigare bruk av naudvatn. Ved slike pålegg vil det vere så store endringar i reguleringskonsesjonen at opprustning/utviding av Vartdal kraftverk truleg ikkje vert gjennomført.

Fri ferdsel- I anleggsperioden vil det normalt kunne bli små avgrensingar av ferdselen for å ta vare på tryggleiken. Ved løyve i samsvar med planane vil Tussa etablere ei gangbru ved Litlevatnet og Risaskarvatnet for å sikre god tilkomst til fjellområdet ved overløp frå magasina.

Anleggsperioden- på fjellet vil det vere sommarsesongen som må nyttast som byggjeperiode. Vi vil legge vinn på ein god dialog med grunneigarane som har beitedyr i området, slik at ein i fellesskap finn ei ordning som begge partar kan leva med.

Naudvatn- Tussa har sidan vi overtok Vartdal kraftverk hatt eit godt samarbeid med vassverket for å sikre vatn til bygda, og vi har i søknaden lagt til rette for at dette skal kunne halde fram. Vi er usamd i påstanden om at Tussa har økonomisk utbytte av naudvatn frå Svartevatna då desse vatna drenerer naturleg til Risaskarvatnet. Om vatnet kjem før eller sidan, spelar mindre rolle.

Berdeskap og tryggleik- Tussa ser det ikkje som si oppgåve å byggje døgnmagasin for vassverket. Vi meiner at planane med omløpsventil vil bidra til ei sikrere vassforsyning. Vi trur at eit samarbeid mellom det kommunale brannvesenet og vassverket, kan vere ei rettare tilnærming for å syte for tilstrekkeleg brannvatn.

Miljøplan- Ved utbygging vil Tussa utarbeide ein miljø- og landskapsplan som vert handsama av NVE i samsvar med gjeldande regelverk.

Anne Pilar Aarseth (også med på fråsegna frå dei 5 grunneigarane)

Minstevassføring- Ønskjer ei auke i forhold til fråsegna frå 5 grunneigarar- viser til vår kommentar der.

Naudvatn- Risaskarvatnet er om lag 3 gongar så stort som nedre Svartevatnet, slik at ei naudvasstapping på 3 m der tilsvarar ca. 1 m i Risaskarvatnet. Skal Risaskarvatnet hevast eller senkast ytterlegare 1 m vi dett kreve større anleggsarbeid jfr. kommentar til Fylkesmannes uttale.

Det er teke opp ein del lokale forhold som er retta mot vassverket- Tussa vel ikkje å kommentere dette.

Bjørn Sævik (også med på fråsegna frå dei 5 grunneigarane)

Fråsegna handlar om lokale forhold som vi ikkje har kommentarar til.

Med vennleg helsing

Tussa Energi AS

Terje Myklebust

Kraftverksjef

